



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 10.05.2022
Møtestad: Formannskapsrommet Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 15:00

Orienteringar

- Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik vil leggje fram drøftingsgrunnlag for bustadutvikling under orienteringar.
- Status og framdrift prosjekt investeringsbudsjett 2022
- Status rassikringsarbeidet bak Bryggjeslottet

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
011/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
012/2022	Godkjenning av møteprotokoll
013/2022	Orienteringssaker
014/2022	Forslag til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid gjeldande barnevernstenesta

Notat frå møtet:

011/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

012/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre.

013/2022: Orienteringssaker

Behandling:

- Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik la fram drøftingsgrunnlag for bustadutvikling
 - Arealplankartet; ulike type tomstar.
 - Kyrkjelydstomta; vurderingar kring formålsendring og utvikling - eiga sak til formannskapet/planutvalet og kommunestyret om omregulering til bustad med vilkår til eventuell kjøpar.
 - Kommunal utleigebustad på Otterstad; vil trenge rehabilitering og bør gjerast ei vurdering kring denne etter kvart.
 - Område med moglegheiter for bustadutvikling; vil vere nyttig med ein heilheitleg ras- og flomrapport, og sjå dette som ein del av dei grunnundersøkingane som skal gjerast på Mo.
 - Status for attføring til dyra mark i landbruksareal; orienteringssak til neste møte i FS

- Orientering om status og framdrift prosjekt investeringsbudsjett 2022
 - Kort orientring om ulike prosjekt knytt til småinvesteringar med løyving i framlegget for 2022.
 - Oversyn og status over investeringsprosjekt med planlegging i 2022 - 25.

-

- Status rassikringsarbeidet bak Bryggjeslottet
 - Tre faser; er inne i fullføring av fase 2 der ein sikrer fjellet med bolter, og skal vere ferdig i slutten av mai.
 - Siste fase; sette opp fanggjerdje og tilrettelegge dette med tanke på grunneigar.
 - Det er signalisert at prosjektet skal vere i mål til fellesferien.

- Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om grensejustering mellom kommunane Modalen og Alver
 - Tilbakemelding frå Statsforvaltar om at det ikkje vil bli sett i gang eiga sak.

- Orientering om mottak av flyktingar
 - Vedtak om å ta imot inntil 20 flyktingar registrert i IMDI.
 - Signalar om at det fram til no er færre flyktingar med behov for busetting enn det kommunane har gjort vedtak om å busette.

- Interkommunal legevakt
 - Prosess kring ny avtale om interkommunal legevakt.
 - Regionrådet har sett i gang prosess om å sjå nærare på fleire styringsformer for legevakt.

- Nye tilsettinger i Modalen kommune
 - Biblioteksjef
 - Leiar for kundetorget.

- Ordførar Kjetil Eikefet orienterte om høgtidleg opningsmarkering av Flodmaal
 - Det er planlagt opning måndag 23. mai frå kl. 14.00 med kulturelle innslag
 - Formell invitasjon kjem i løpet av denne uka.

- Opning av dagsturhytta
 - Planlagt opning laurdag 11. juni med eit kort program
 - Organisert buss t/r Mo.

- Revisjon og oppfølging av vilkår 19: Fiskevandring i Hellandsfossen
 - Møte mellom Modalen kommune og Eviny om fisketrapp
 - Rapportar frå Multikonsult og Norkonsult med tilrådingar for raske tiltak og oppgraderingar
 - Møte mellom Eviny, Miljødirektoratet og Statsforvaltar
 - Vurdere dato for- og kven som bør vere med ved synfaring
 - Det vil vere nyttig med forventningsavklaringar kring ansvarsdeling og oppfølging av vilkår og styringsrettar- og prosesser opp mot NVE.

- Søknader om midlar til aktiviteter i Modalen kommune
 - Drøfting kring korleis kommunen kan forholde seg til private søknader
 - Vurdere om det er behov for prinsipielle retningslinjer med tanke på handsaming
 - Vurdere om søknader kan knyttast opp mot eksisterande lag- og organisasjonar, og eventuelt handsame politisk.

- Kort orientering om at fylket har sett av midlar til dekkelegging på fylkesveg i Modalen kommune.

- Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om status for årsrekneskapen 2021 og gjekk gjennom nøkkeltal av mellom anna:
 - Netto driftsresultat, korrigert netto driftsresultat og rekneskapsmessig mindreforbruk
 - Totalt sett mindreforbuk innan budsjettområda
 - Sentrale inntektspostar
 - Spesielle hendingar/omsyn som påverka rekneskapen
 - Ubundne fondsmidlar
 - Lånegjeld og likviditet
 - Investeringsrekneskapen.
- Spørsmål kring handsaming av lokal forskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland
 - Sak 47/2022 i formannskapet i Vaksdal kommune
 - Korleis har høyringsprosessen vore. Be landbruk kome tilbake med meir informasjon i neste møte.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering.

014/2022: Forslag til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid gjeldande barnevernstenesta

Behandling:

Rådmann Jo Tømmerbakke og assisterande rådmann Tonje Husum Aarland orienterte innleiingsvis i saka.

Kristin Nåmdal lag fram forslag om å stryke punkt 2 og 4 i forslag til vedtak.

Nytt forslag til vedtak vart samrøysta vedteke.

Vedtak:

Modalen kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Rådmannen i Modalen får fullmakt til å overføre rådmannen si fullmakt for barnevernet til rådmannen i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.

Rådmannen samarbeider med rådmennene i Osterøy og Vaksdal om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Modalen gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av kommunane Vaksdal, Osterøy og Modalen.

Kommunestyret i Modalen kommune ber rådmannen syte for følgjande:

1. Det vert avsett operativ støtte frå Modalen kommune i det interkommunale barnevernsamarbeidet i første virkningsår etter behov.
2. At kommunestyret to gonger i året vert orientert om arbeidet i Osterøy, Vaksdal og Modalen interkommunale barnevern.
3. At det blir rapportert til kommunestyret om internkontroll etter Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) § 2-1 og Kommuneleva § 25-1 særskilt.
